



## **Prosjekt**

1.oktober 2009 – 30.september 2012:

## **Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland**


# 1. Bakgrunn for satsinga

Sauehaldet står ovanfor store utviklingsutfordringar og med det også fleire produksjons- og marknadsmessige muligheiter. Underskots-situasjonen i marknaden, utfordringar knyta til kvalitet, utvida produktspekter med t.d. lokal og regional merkevarebygging og lønsemda i produksjonen, er nokre av utfordringane. Dette prosjektet skal få opp produksjonen i sauehaldet i Rogaland, både ved å få fleire til å starte med sau og ved å auke avdråtten per vinterfôra sau i eksisterande besetningar.

Prosjektet vil ha betyding for utviklinga av sauenæringa og produksjonen av lam og sau som norske råvarer. Aktivitetane som er med i prosjektet tek føre seg utfordringar knyta til;

- Økonomi
- Dyrevelferd
- Kvalitet gjennom god drift
- Nye marknader

Når det gjeld sauehaldet i Rogaland har tal vinterfôra sau vore relativt stabilt dei siste åra med om lag 200.000 vinterfôra og det er ikkje dei store skilnadane i utvikling mellom regionane i fylket. Av vestlandsfylka er det berre Rogaland som held stand.



Merknad: Olen er inkludert fom 2001

Figur 1 Tal vinterfôra sau i perioden 1991 – 2005

Landet sett under eitt har sidan 2002 (reg.datato 1.1.) hatt ein nedgang i tal vfs. på 10% fram til 2008. Per 1.1. 2008 var det i Norge 999099 vfs og 20% av desse var i Rogaland. Villsauen inngår ikkje i tala, men kan nok på sikt få eit omfang som gir bidrag til både matfatet og landskapa. Pr.

1.1. 2008 var det registeret 25925 villsau i landet og Rogaland hadde 22% av desse. Villsauen inngår ikkje i dette delprosjektet.

1991			2007		
Besetn.	Tal bruk	% av sauene	Besetn	Tal bruk	% av sauene
1 - 75	2881	54,2	1 - 75	1674	33,4
76 - 100	319	15,3	76 - 100	427	18,9
101 - 200	343	25,0	101 - 200	543	35,8
201 - 300	32	4,3	201 - 300	71	8,3
300 +	6	1,1	300 +	14	3,5
<b>Sum</b>	<b>3581</b>	<b>100</b>	<b>Sum</b>	<b>2729</b>	<b>100</b>

**Tabell 1 Strukturutviklinga i sauehaldet 1991 - 2007**

I Rogaland har strukturutviklinga i sauehaldet vore relativt svak dei siste åra og det er verdt å merke seg at næringa framleis er prega av små buskapar. Berre snautt 12% av dyra var i 2007 i buskapar med meir enn 200 vfs. 40% av gardane med sau hadde i 2007 sauehaldet som einaste husdyrproduksjon. Om lag 43% av mjølkeprodusentane i fylket hadde sau i 2007. Snautt 25% av sauebruka er med i sauekontrollen. Ein god del av dei snautt 1200 mjølkeprodusentar som ikkje har sau, burde ha interesse av å starte med sau.

I 2007 var slaktekvaliteten stabil og jamt over god og ca 7% av lamma var over 23kg (Nortura Vest). Det som definitivt er ei stor utfordring er sjølve avdråtten; Ein avdråttsauke på 0,3 lam per vfs vil gi marknadsbalanse.

Med dette bakteppet og med dei gode utgangspunkta vi har i Rogaland, både kva gjeld husdyrmiljø og ressursgrunnlag – bør Rogaland har som mål å auke produksjonen av sau og lam monaleg. Målet bør vere så ambisiøst at Sauefylket Rogaland også må auke sin relative del monaleg av den totale produksjonen i landet.

## 2. Innretning og mål

Dette utviklingsprosjekt er for bønder som ønskjer å gjere faglige tiltak på garden for å auke totalproduksjonen og m.a. der igjennom auke lønsemda i produksjonen på den enkelte gard. Vidare skal summen av tiltaka på enkeltgardane auke det totale slaktevolumet av sau og lam frå Rogaland. Prosjektet skal skape ei positiv utvikling og verdiskaping i heile verdi-kjeda.

Prosjektet skal arbeide med få, men målretta tiltak. Prosjektet blir gjennomført etter felles prosjektplan i slakteria Prima Jæren, Fatland og Nortura. Ytterligere forankring i bransjen har prosjektet i Rogaland Sau og Geit.

Prosjektet har dette hovudmålet;

#### **Hovudmål**

Resultatmål: Innan prosjektperioden skal tal vinterfora sau i Rogaland ha auka med 5% og avdråtten (kg tonn kjøtt levert slakteri) med 15%.

### **3. Tiltak**

Prosjektet skal nytte storparten av sine ressursar inn mot enkeltbønder som vil ta tak i eigne utfordringar for å optimalisere produksjonen.

Tiltaka kjem her i kronologisk rekkefølge.

#### **Tiltak 1 Møteverksemd**

Prosjektet i lag med Rogaland Sau og Geit, arrangerer 4 større sauemøte i Rogaland i oktober 2009. Møteserien skal informere om prosjektet og dei utfordringane sauehaldet står ovanfor, samt legge grunnlaget for rekruttering av bønder inn i prosjektet. I tillegg følgjer dei lokale Nsg-laga opp med informasjon om prosjektet på sine møte. I tillegg til annonsering, sender prosjektet ut invitasjonsbrev til sauebøndene.

Delmål 1.1.: Storparten av sauebøndene i fylket kjenner til at prosjektet er starta opp og kven dei kan kontakta.

Delmål 1.2.: Minimum 100 sauebønder har teikna seg som interesserte i å ta del i prosjektet.

#### **Tiltak 2 Mjølkeprodusentar utan sau**

Prosjektet sender brev til dei snautt 1200 mjølkeprodusentar i Rogaland som ikkje har sau, med informasjon om prosjektet og kva rammevilkår mjølkeprodusentar som og har sau på garden no har. Bakteppe; Produksjonstilskotet er no om lag kr 900,- per sau for dei første 50. Dette kombinert med at taket for produksjonstilskot husdyr er løfta til kr 240.000,-, bør gjere det interessant for fleire mjølkeprodusentar å starta opp med sau. Vidare må brevet også fokusere på dei driftsmessige fordelane mjølkeprodusentar med sau opplever at kombinasjonen gir dei.

Delmål 2.1.: Minst 10% av målgruppa, dvs. 120 bønder, melder seg interessert i å få utgreie føremonene med sau på eigen gard.

Delmål 2.2.: Minst 5% av målgruppa, dvs. 60 bønder, startar opp med sau i prosjektperioden.

### **Tiltak 3 Individuell oppfølging**

Ut frå tiltak 1 og 2 har vi no minimum 220 bønder som vil delta direkte i prosjektet i løpet av prosjektperioden. Minst 120 av desse vurderer å starte opp med sau. Prosjektet har ansvar for at desse bøndene får individuell oppfølging i høve til den/dei utfordringane dei har for å auke produksjonen. Oppfølginga skjer gjennom prosjektoppfølgning i dei enkelte slakteria. Samarbeid med Helsetenesta for sau (Animalia) og andre kan vere naturleg. Individuell oppfølging kan også kombinerast med gruppesamlingar.

Utfordringane er ulike og difor må dette tiltaket grupperast i fleire temagrupper. Bøndene kan delta i fleire temagrupper;

Temagruppe **A**; *Me startar med sau!*

Gruppa på minst 120 vil vere ueinsarta både kva gjeld kompetanse og kva ressursgrunnlag dei har på garden (t.d. bygning). Prosjektet må differensiere gruppa ytterligare ut frå eit meir spissa behov. Det bør også leggjast opp til gruppesamlingar.

Temagruppe **B**; *Nytt sauehus?*

Mange hus er avgrensande i høve til produksjonsauke eller har rett og slett gått ut på dato. Vidare har vi også dei som skal starte opp og som vil bygge. Bruke bygningsrådgivarar i slakteria, samarbeide med Sauehusprosjektet i Hordaland og ta opp med Innovasjon Norge Rogaland korleis utbygging på vanlege sauebruk kan gjerast lønsame.

Temagruppe **C**; *Sjukdom og helse*

- *Vaksine mot Toksoplasmose*; Forsøk som skal teste ut vaksine mot toksoplasmose og prosjektet gir økonomisk støtte til forsøket. Arbeidast i dag med å få godkjent import av vaksinen.
- *Flått/flugemark/innvollsparasittar m.m.*; Arbeide fram førebyggjande rutinar for å førebygge og redusere tap.

Samarbeid med NVH, Seksjon for Småfeforskning i Sandnes og Helsetenesta for sau blir spesielt viktig her.

### Temagruppe **D**; *Reduser lammetapet*

Tap av lam er ei av dei største utfordringane i næringa. Differensiert tema; daudfødde, daude inne før beiteslepp, daude på vårbeite og daude på sumarbeite. Individuell oppfølging av kvalifisert veterinær er ein veg å gå. *Dyrevelferd hos sau* (BSF-studium, 12 timar) er eit kompetansetiltak prosjektet bør vere med å få oppslutnad om. Vidare er det m.a. viktig å motivere kring deltaking i *Aksjon Lammetap* (Nortura)



*" Dette er vårens vakreste eventyr" sier Grethe Standerholen, og viser stolt frem det nyfødte lammet. Sesongens førstefødte på Standerholen gård i Stange (Nortura).*

### Temagruppe **E**; *Beitesamarbeid (organisert beitebruk)*

Stimulere til meir beitesamarbeid for å redusere arbeidet med tilsyn og sanking, gjerdekostnadar og tap på beite. (driftsstøtte gjennom Regionalt Miljøprogram og investeringsmidlar gjennom SMIL, BU).

### Temagruppe **F**; *Fôring og stell*

I stor grad gjennom slakteria sin rådgivarar, gjerne kombinert med gruppesamlingar.

### Temagruppe **G**; *Økonomisk gjennomgang*

Kor ligg forbettringspotensiale ut frå gjennomgangen av den økonomiske rekneskapen?

Dei bøndene som deltek i prosjektet bør dele sine erfaringar med andre, t.d. ved at dei informerer på fagmøte eller held "opne dører" heime.

## **3. Kopling mot andre**

Det er viktig at prosjektet er "online" med liknande prosjekt andre stader i landet, t.d. *Framtidsretta Sauehald* i Sogn & Fjordane og Sauehusprosjektet i Hordaland og sauesatsingane i Midt - Norge, samt ulike aktivitetar og tilbod som *Aksjon lammetap*, *BSF - Dyrevelferd for sau*.

## 4. Organisering

Prosjekteigar  
Rogaland Landbruksselskap.

### Prosjektgjennomføring

Slakteria Prima Jæren, Fatland og Nortura er med i prosjektet. Med utgangspunkt i felles prosjektplan gjennomfører dei prosjektet i sine respektive slakteri. I den grad eit slakteri planlegg avvik i høve til prosjektplanen, skal det avklarast før prosjektstart. Kvart slakteri har sin prosjektleiar. Prosjektleiar har ansvaret for at prosjektplanen blir følgd i sitt slakteri.

### Styringsgruppe (SG)

- Rogaland Sau & Geit v/ Arnhild Skjørestad
  - Nortura v/prosjektleiar Rune Osland
  - Fatland v/prosjektleiar Berit Pettersen
  - Prima Jæren v/prosjektleiar Georg – Fredrik Ueland
  - Innovasjon Norge Rogaland v/Karin Hansen
  - Fylkesmannen si landbruksavdeling v/Geir Skadberg
- ✓ Fylkesmannen er prosjektansvarleg og leiar styringsgruppa.  
✓ SG har minst 2 møte i året.

### Prosjektgruppe

Styringsgruppa har også rolle som prosjektgruppe. Slakteria kan kvar for seg etablere sine "interne" prosjektgrupper, leia av den prosjektleiar som inngår i SG.

## 5. Ressurskrav

Eit 3-årig prosjekt som dette er ressurskrevjande. Prosjektet legg opp til ein samla årleg innsats på drøyt 1 årsverk.

### Budsjett

Budsjett (NOK) per år og for heile 3-årsperioden;

<u>Kostnadar</u>	Årleg	Totalt
Personalkostnadar*	800.000,-	2.400.000,-
Reiser	30.000,-	90.000,-
Kurs/samlingar	50.000,-	150.000,-
Div. materiell	20.000,-	60.000,-
Sum Kostnadar	900.000,-	2.700.000,-

\* slakteria + kjøpt kompetanse

## Finansiering

	Årleg	Totalt
VSP Mat	500.000,-	1.500.000,-
BU-midler*	20.000,-	60.000,-
Kommunane**	100.000,-	300.000,-
Nortura (eigeninnsats)	100.000,-	300.000,-
Fatland (eigeninnsats)	100.000,-	300.000,-
Prima Jæren (eigeninnsats)	30.000,-	90.000,-
Felleskjøpet Rogaland Agder	50.000,-	150.000,-
<b>Sum finansiering</b>	<b>900.000,-</b>	<b>2.700.000,-</b>

\* Går til toksoplasrose-tiltaket.

\*\* Kommunane søkast om å støtte prosjektet årleg med kr 1,- per vfs i kommunen

### Fordelinga av pengane mellom slakteria

Utgangspunktet ved prosjektstart er at prosjektet disponerer kr 500.000,- årleg. I tillegg kjem sjølvstøtte også verdien av eigeninnsatsen i slakteria. Totalt blir dette om lag kr 730.000,-. Økonomisk støtte frå kommunane, FKRA og evt. andre får vi først svar på seinare.

Styringsgruppa er samde om at fordelinga av det årlege beløpet på kr 500.000,- skjer i ein kombinasjon av eit fast grunntilskott og ein del ut frå slaktemengd i 2008. Bruken av pengar som kjem i tillegg, bestemmer styringsgruppa på seinare tidspunkt.;

Slakteri	Tal slakta sau/lam i 2008 frå bønder i Rogaland		Fordeling av kr 500.000,- mellom slakteria	
	tal	% av total	"Grunntilskudd"	Etter slaktemengd i 2008
Prima Jæren	5.200	2,1	50.000,-	7.500,-
Fatland	88.056	36,0	50.000,-	126.000,-
Nortura	151.204	61,9	50.000,-	216.500,-
<b>Total</b>	<b>244.460</b>	<b>100</b>	<b>150.000,-</b>	<b>350.000,-</b>

Utbetalingane til slakteria skjer etter nærare inngått avtale.

## **6. Prosjektperiode og framdriftsplan**

Prosjektperiode

1.oktober 2009 – 30.september 2012



## Framdriftsplan

Slakteria skal lage eigen plan for framdrifta i eige slakteri. Planen skal omfatte alle punkt i felles prosjektplan, dersom anna ikkje er avtalt.

### Døme; Framdriftsplan for felles + slakteri;

Aktivitet	Kalender: kvartal												Merknad	
	3/ 09	4/ 09	1/ 10	2/ 10	3/ 10	4/ 10	1/ 11	2/ 11	3/ 11	4/ 11	1/ 12	2/ 12		
<b>Milepæler</b>														
<b>Styringsgruppemøte</b>		X		X		X		X		X		X		
<b>Statusmøte</b>														

## 7. Rapportering

Til grunn for heile prosjektet ligg denne felles prosjektplanen. Slakteria skal lage eigen plan for framdrifta i eige slakteri. Planen skal omfatte alle punkt i felles prosjektplan, dersom anna ikkje er avtalt.

Rapportering frå det enkelte slakteri skal skje to gonger i året.  
Rapporteringsform skjer etter felles mal og sendast prosjektansvarleg.  
Samla rapport handsamast av styringsgruppa.